

# MØTEBOK - TITTELARK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
02.05.2019

---

### Tilstades på møtet

**Medlemmer:** Kine Lerøy, Anny Berthelsen, Svein Tomas Villanger, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin Fønnes, Britt Ystebø, Arne Lerøy, Anita Bakke, Harald Sundsbø.

### Varamedlemmer:

**Andre:** Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim  
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Inger Synnevåg, Bjørn Helge Olsen

**Desse møtte ikkje:**

### Saker til førehaving:

F – 11/19 – F – 15/19

**Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.**

### Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 11/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

***Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.***

F – 12/19 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**

***Sylvelin Fønnes og Britt Ystebø.***

F – 13/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 31.01.2019:

Framlegg til vedtak:

*Møteboka frå 21.03.2019 vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

***Møteboka frå 21.03.2019 vart godkjent utan merknader.***

F – 14/19 ORIENTERINGSSAKER:

- Orientering frå møte med Todd Saunders i Austrheim kommune 30.april. Sagt i møtet: *Positivt møte med Todd Saunders både under middagen i Kilstraumen og på det opne møtet på Kyrkjelydshuset seinare. Vi må vera bevisste på å at det nye huset **ikkje** skal kallast eit kyrkjelydshus, men vera eit forsamlingshus for alle som kan romma mange ulike aktivitetar. Det er allereie komen fleire framlegg til namn på eit slikt hus.*
- Orientering om oppdrag gitt til Multiconsult for analyse av krumming på ei av bæresøylene i kyrkja. Sagt i møtet: *Kyrkjeverja orienterte om synfaringa tidlegare same dag med sivilingeniør frå Multiconsult og folk frå teknisk avdeling i kommunen. Stoda for bærekonstruksjonar i kyrkja er langt meir alvorleg enn først antatt. Multiconsult vil gje si tilråding tidleg i neste veke. I verste fall kan kyrkja bli stengt. Førebels tibakemelding er at 4 av bæresøylene må bytast ut. Dette vil vera eit arbeid som har høgast prioritet.*
- Orientering om tilsetjing av ny trusopplæringsmedarbeidar. Sagt i møtet: *Kyrkjeverja orienterte om at arbeidsutvalet har tilsett Amelie Katharina Knieriem i 30% studentstilling frå og med 1.august 2019, med hovudansvar for konfirmantundervisninga.*
- Orientering om olsokfeirnga på Fjon. Sagt i møtet: *Kyrkjeverja orienterte om at Austrheim og Fedje har blitt utfordra til å ta på seg ansvaret for olsokstemnet på Fjon 29.juli. Meir informasjon om dette kjem etter kvart.*

Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd godkjenner innkjøp av 40 salmebøker. 10 av desse salmebøkene skal vera i stor skrift. Samla kostnad vert då kr 14.600*

Vedtak:

***Austrheim sokneråd godkjenner innkjøp av 40 salmebøker. 10 av desse salmebøkene skal vera i stor skrift. Samla kostnad vert då kr 14.600. Vedtaket var samrøystes.***

Bakgrunn:

Det har ved fleire høve vore eit ønskje om å få på plass fleire salmebøker i kyrkja. For tida har vi omlag 20 eksemplar av den nye salmeboka. Dette vert vurdert til å vera for lite. Behovet for salmebøker i Austrheimkyrkja har ikkje vore øvst på prioriteringslista, all den tid mykje av salmar og andre liturgiske ledd vert vist på skjermane i kyrkja. Vi har likevel kome til eit punkt der behovet for fleire salmebøker er ønskjeleg å få realisert.

Kva kostar ei salmebok? Kyrkjeverja har undersøkt prisane hos Solveig Hopen på Mastrevik Bok og Papir. Salmebøkene var opprinneleg gitt ut på Eide forlag. Dette forlaget vart kjøpt opp av eit anna, som no distribuerer dei. Solveig Hopen opplyser at rettleiande pris er kr 365, både for den vanlege versjonen og for den med større trykk (utan notar). Ho opplyser vidare at det ikkje er nokon rabattordningar hos det nye forlaget, difor er det rettleiande pris som gjeld uavhengig om ein kjøper 1 eller 100 bøker.

Kyrkjeprydning er kontakta med spørsmål om dette er eit tiltak dei kan støtta. Foreninga skal ikkje ha eit møte før etter soknerådet sitt møte, så det er ikkje mogeleg å gje eit svar på om dette er ei sak som dei vil gje si støtte til eller ikkje.

Sjølv om soknerådet skulle bestemma seg for å gå til innkjøp av fleire salmebøker, betyr ikkje det at bruken av skjermane vil falla bort eller er mindre viktig. Salmebøkene vil heller vera eit supplement til bruken av skjermane. I einskilde gudstenester, reine dåpsgudstenester og ved bryllup, er det ønskjeleg om alle som er tilstades har tilgang til ei salmebok. Nokon vil kunna ha nytte av å ha salmebok med stor skrift sjølv om skjermane er tilgjengelege.

# MØTEBOK - TITTELARK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
02.05.2019

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemer:** : Kine Lerøy, Anny Berthelsen, Svein Tomas Villanger, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin Fønnes, Britt Ystebø, Arne Lerøy, Anita Bakke, Harald Sundsbø.

**Varamedlemer:**

**Andre:** Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim  
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Inger Synnevåg, Bjørn Helge Olsen.

**Desse møtte ikkje:**

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 09/19– S 12/19

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 09/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

***Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.***

S – 10/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 21.03.2019:

**Vedtak:**

***Møteboka frå 31.01.2019 vart godkjent utan merknader.***

S - 11/19 GODKJENNING AV VALLISTA FOR SOKNERÅDSVALET 2019

Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd vil med heimel i «Regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet» § 7 -5 2.ledd, godkjenna nominasjonsnemda sitt framlegg til liste for nytt sokneråd i Austrheim for perioden 2019 – 2023.*

**Vedtak:**

***Austrheim sokneråd vil med heimel i «Regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet» § 7 -5 2.ledd, godkjenna nominasjonsnemda sitt framlegg til liste for nytt sokneråd i Austrheim for perioden 2019 – 2023. Vedtaket var samrøystes.***

Bakgrunn:

Nominasjonsnemda for nytt sokneråd i Austrheim har bestått av Britt Ystebø, Trygve Gjerde og Jusu Gyflan. Vallista i prioritert rekkefølge, i underskriven stand med 10 forslagsstillarar, vart levert inn på kyrkjekontoret 29.april 2019. Dette er innafør tidsfristen sett opp i regelverket.

Nominasjonsnemda har arbeidd mykje med lista for å få eit framlegg som representerer breidde i alder, kjønn og bakgrunn. Det mest utfordrande for nemnda har vore å få tak i unge under 30 år til å stilla som kandidatar. Dette har ein ikkje lukkast med. Bortsett frå dette er tilbakemeldinga frå nominasjonsnemda at lista har breidde i sin representasjon.

Det skal velgjast 10 faste medlemmar og 5 varamedlemmer.

Dette er lista slik den no framstår og i prioritert rekkefølge:

1. Helge Dyrkolbotn f. 1964
2. Bjørn Helge Olsen f. 1974
3. Kine Alfredsén Lerøy f. 1974
4. Arne Lerøy f.1947
5. Svein Tomas Villanger f.1980
6. Inger Irene Synnevåg f.1955

7. Anne Dahle Austrheim f. 1969
8. Toril Hordvik f. 1983
9. Gerd Solheim f. 1952
10. Carmen Nobarian f.1980
11. Edvard Bjerkestrand f.1953
12. Linda Skålevik Syslak f.1962
13. Siv Solberg Hopland f.1969
14. Kjell Dahle f.1946
15. Stein Kåre Løvslett f.1957
16. Kjell Hope f.1955
17. Inger Aasen f.1950
18. Anita Bakke f. 1969
19. Renee Semmingsen f.1986
20. Bjørg Hopland f.1948
21. Anne Karen Wilkensen f.1975

S – 12/19 MØTEPLAN HAUSTEN 2019

Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd vedtek følgjande møteplan for hausten 2019:*

*Soknerådet:*

- *Torsdag 19.september kl 19.00*
- *Torsdag 7. november kl 19.00 (overlapping gamalt og nytt sokneråd)*
- *Torsdag 5.desember kl 19.00 (juleavslutning)*

*Arbeidsutvalet – (AU):*

- *Tysdag 3. september kl 08.30*
- *Tysdag 15.oktober kl 08.30*
- *Tysdag 19.november kl 08.30*

Vedtak:

*Austrheim sokneråd vedtek følgjande møteplan for hausten 2019:*

*Soknerådet:*

- *Torsdag 19.september kl 19.00*
- *Torsdag 31.oktober kl 19.00 (overlapping gamalt og nytt sokneråd)*
- *Torsdag 5.desember kl 19.00 (juleavslutning)*

*Arbeidsutvalet – (AU):*

- *Tysdag 3. september kl 08.30*
- *Tysdag 15.oktober kl 08.30*
- *Tysdag 19.november kl 08.30*

*Vedtaket var samrøystes. Det vart gjort ei endring i tidspunktet for soknerådet, frå 7.november til 31.oktober, sidan gamalt sokneråd ikkje kan sitja over tidsgrensa for perioden dei er velt f*

Bakgrunn:

Vår nye sokneprest har ytra eit ønskje om snarast mogeleg få på plass ein møteplan for hausten som kjem. For soknerådet sin del er det heller ingen ulempe å få på plass ein møteplan så tidleg som mogeleg heller. Sidan det er soknerådsvil denne hausten er det også naturleg å laga ei markering på møtet i november for å markera overlappinga mellom gamalt og nytt sokneråd. Haustferien 2019 er i veke 41: 7. – 13. oktober. Det er lurt at møteverksemd vert lagt utanfor denne veka.